

Bevaring av villreinen på Hardangervidda

Negativ effekt som følge av ferdsel og forstyrring frå oss menneske har lenge vore ei utfordring på Hardangervidda. Ferdelsen generelt på Vidda aukar stadig og leveforholda for villreinen har gått frå vondt til verre. Sjølv om det blir spekulasjon, vil det ikkje overraska meg om det visar seg at forstyrring og fortrenging av dyra også er ein direkte eller indirekte årsak til skrantesjuka. At dyra opptrer i såpass store flokkar, og i stor grad brukar dei same områda året gjennom, har mange negative konsekvenser for dyra. Kondisjonen og helsa til villreinen på Hardangervidda er i dag på eit lågmål, og vesentlig lågare enn i øvrige vill-og tamreinområder i Norge. I løpet av dei siste åra har fleire hundre dyr hinka rundt og etterkvart dava av den smittsomme bakteriesjukdommen fotråte. Teljingar har vist at eit stort antal kalvar, ungdyr og simler dauar i løpet vinteren, som følge av dårlig kondisjon og svekka helse. Det er snakk om enorme dyrelidinger.

Det er eit paradoks at det største villreinområdet i Norge, Hardangervidda, med sine i utgangspunktet optimale kvaliteter som leveområde for villreinen, er kome i denne situasjonen. Forvaltningsmyndighetene står no ovanfor alvorlige utfordringar og må vera villige til å jobba for store endringar når det gjeld folk sin bruk av Hardangervidda om me skal klara å snu denne negative trenden for villreinen. Som lokal jeger frå Røldal er eg tilhengar av tradisjonell bruk av Vidda, men ikkje for einkvar pris. No må me som er brukarar av Vidda visa vilje til å tilpassa vår aktivitet slik at den harmonerer meir med villreinen sine behov og levesett. Dette vil bli heilt avgjerande om me skal ta vare på villreinen i framtida.

I tillegg til generelt mindre ferdsel på Hardangervidda ynskjer eg å koma med eit konkret forslag til tiltak for å betra forholda for villreinen. Som tiltak meinar eg det bør innførast eit generelt ferdelsforbud innanfor nasjonalparkgrensa begrensa til Vestland fylke i tida frå etter påske og fram til 1.juli eller helst 1.august. (Forslaget er også beskreve i årboka Villreinen 2022 s.64-66). Dette begrunnar eg med følgande: Om me skal oppnå større endringar i dyra sin arealbruk må ferdelsen reduserast til eit minimum, helst lik null i visse områder til visse tider. Det skal ytterst lite til for at simler/fostringsflokkar blir uroa og endrar kurs i den mest sårbare tida. Ein person på feil stad til feil tida kan potensielt forstyrra like mykje som fleire personar. Derfor meinar eg det er vanskelig å koma utanom eit generelt ferdelsforbud om tiltaket skal oppnå nok effekt. Og for å fanga opp naturlige variasjonar som snø/isdekke, ver/vind, beiteforhold og andre årlege svingingar bør eit generelt ferdelsforbud vera av ein viss varighet for å oppnå effekt. Fordelen med dette tiltaket vil vera at det kan setjast iverk raskt, utan bruk av store ressurser, og potensielt gje rask effekt. Lovverket er heller ikkje til hinder for innføra eit slikt tiltak innanfor nasjonalparken. Jfr forskrift om vern for Hardangervidda nasjonalpark § 4 Ferdsle mm heiter det bla: «Innanfor nærmere avgrensa delar av nasjonalparken kan Miljødirektoratet forby all salgs ferdsle heile året eller delar av året når ein reknar det naudsynt for å verne naturmiljøet, plante- eller dyrelivet eller geologiske førekommstar». Og no er dette nødvendig.

Utanom redning, oppsyn, osv bør eit generelt ferdselforbud omfatta alle brukarar av Vidda, også lokale. Dette vil etter mitt syn vera det einaste rette fordi alle då bidreg i ein felles dugnad for berga villreinen som er eit felles ansvar og ein felles ressurs. Å utelata enkelte brukarar eller grupper vil bli unødvendig konfliktfyldt. Og me forstyrrar alle villreinen i meir eller mindre grad, uansett agenda.

Etter mi mening bør det jobbast for å få dyra til å gjenoppta bruken av dei vestlige deler av Hardangervidda, særleg i tida ettermiddag/vår og sommar. Der kan dyra få tilgang til områder med viktige kvalitetar. Næringsrike og fornya beiter etterkvart som snøen smelter. Snøfanner til avkjøling og vern mot insektplager. Tilgang på nødvendige mineraler som muligens kan vera begrensa i andre

områder av Vidda. Om dyra i større grad gjenopptek bruken av vestvidda, vil beiteområda som no har vore lenge i bruk få mulighet til restitusjon.

Villreinen er i stor grad eit vanedyr. Dyra har stor tendens til å trekkja tilbake til dei same områdene den er kjend med frå før, og mykje etter dei same rutene den har vandra før. Om dyra er kjende i eit område og har eit mål trekkjer dei ofte målretta, sjølv om dei blir litt forstyrra. Motsett er det i eit område dei ikkje er kjende i, og det er også poenget her. Med unntak av at dyra dei siste åra har brukt dei nordlige og nordvestlige delar ein del vinterstid, er villreinen som lever på Hardangervidda i dag lite kjend med vestvidda. For at dyra skal «gjenoppdaga» og ta opp bruken av vestvidda treng dei mest mulig fred og ro i den tida dei nærmar seg og oppheld seg i desse områdene. Om dyra blir forstyrra vil dei trekkja tilbake til dei områdene der dei er mest kjende og føler seg mest trygge. Dette har skjedd i forbindelse med påsken dei siste 2-3 åra. Dyra har vorte forstyrra og trekt tilbake til austvidda. Om dyra derimot hadde fått fred, ville dei etter mitt syn fortsett bruken og etterkvar og også kalva på vestvidda. Har dyra først begynt å kalva på vestvidda, vil dei få ei sterk tilknytning til desse områda. Og då vil dette mønsteret lettare gjenta seg framover, med årlege variasjonar. At villreinen på Hardangervidda dei siste åra (15-20 åra) har kalva i mykje dei same områda dei oppheld seg i resten av året, skuldast etter mitt syn at det er her dyra har følt seg mest trygge.

Det er opplagt at påsken med sin utfart er ein spesielt vanskelig flaskehals når det gjeld å gje dyra fred nok til å trekkja og opphalda seg på vestvidda. Ideelt sett skulle dyra fått fred også i påsken. Det bør nok framover jobbast for å til ein viss grad redusera ferdsel av folk i dei delar av Vidda villreinen brukar før og i sjølve påsken. Eit tiltak vil alltid bli ei avveiing mellom ulike interesser, og det vil truleg bli for konfliktfyldt å innføra eit ferdelsforbud i sjølve påsken på Hardangervidda. Eg meinar likevel at om villreinen til gjengjeld kan få absolutt fred på vestvidda i tida etter påske og fram til uthårsommaren, vil dette bli ein lang nok periode til at dyra får mulighet til å trekkja uforstyrra til dei områda dei helst vil kalva. Sjølv om dyra blir litt/moderat uroa i sjølve påsken trur eg dei gradvis likevel vil trekkja vestover att, forutsett at dei får absolutt fred. Dette handlar også om læring, i forhold til når og kor dyra har erfaring med at dei får fred. Med eit ferdelsforbud vil dyra også få nødvendig ro i tida etter kalvinga og framover forsommaren. Dyra vil då få muligheten til å splitta seg opp og beita meir rolig i mindre flokker over større områder. Dei vil då bruka mindre tid på flukt og stress. Å få dyra til å opptre meir spreidt er truleg også gunstig i forhold til å redusera smitte av fotråte og skrantesjuke på Hardangervidda. Eg meinar perioden mellom påske og sommar er samanfallande med at dette både er ei særlig sårbar tid for villreinen og ei tid kor me brukarar kan avstå å bruka visse delar av Hardangervidda. Eigaran av fjellstyrehytter og private hytter har då hatt heile vinteren fram til og med påsken til nødvendig transport. Dei større betjente turisthyttene på vestvidda (Litlos, Sandhaug og Besso) er stengde i tida mellom påske og 1.juli. Eit tiltak vil alltid bli ei avveiing mellom hensynet til bruk og vern. Dette forslaget til tiltak tek hensyn til både folk sin bruk av Vidda, og villreinen sine behov i ein pressa situasjon. Og store delar av Vidda og naturen elles vil framleis vera tilgjengelig for allmenheten.

Eg skal ikkje her gå inn på detaljar, men forvaltninga bør jobba for at den «ordinære» villreinjakta på Hardangervidda i framtida blir meir human for dyra. Eg er sjølv reinsjeger frå Røldal og har hatt jakt og fangst som yrke på Svalbard i snart 20 år. Eg har også jobba som fjelloppsyn på Hardangervidda eit par sesongar så då bør eg vel vita kva eg snakkar om. Det er ikkje slik at den «ordinære» villreinjakta på Hardangervidda er meir human for dyra enn «statlig uttak» med bruk av helikopter. Eg støttar på ingen måte eit slikt «uttak» i utgangspunktet, og det er berre trist at slikt har blitt gjort av og til. Men forvaltninga og me «ordinære» jegerar på Hardangervidda må aldri gløyma kva enorme påkjenningar me utset villreinen for gjennom ei lang jakttid som startar i sommarvarmen og sluttar når brunsten skulle vore i gong. Eg meinar forvaltninga bør jobba for at jakttida i framtida blir så kort som mulig på

Hardangervidda. Den harde jakta fører til at dyra klumper seg saman i store flokkar. Dette fører igjen til ei mindre effektiv jakt og meir unødig forstyrring av dyra. Når dyra heller ikkje resten av året får nok fred, fortset dei med å opptre i store flokkar. Så det er ein samanheng her. Eg meinar også at den overdrevne bruken av helikopter under villreinjakta på Hardangervidda fører til ei mindre effektiv jakt. Det er mi erfaring at støyen av eit helikopter skremer dyra meir enn eit sjøfly, som vart brukt på Hardangervidda tidligare. Sjølv om eit sjøfly nok tek mindre last enn eit helikopter, meinar eg at fordelene er fleire ved bruk av sjøfly. Når sjøfly vart brukt på Hardangervidda fylgde desse stort sett dei same rutene, på veg til eller frå faste landingsvatn. Dette var ein forutsigbar trafikk og derfor ikkje så skremande for dyra. Dagens helikopterbruk slik eg kjenner den frå vestvidda er meir uforutsigbar. Folk har penger nok og mange jegerar giddar ikkje å bera eller gå langt men får heller eit helikopter til å landa der dei skyt dyra, som ofte vert transporterte heile til vefs eller bygds. Dette vert nok gjort utan hensyn til andre dyr eller jegerar. Dels blir helikoptera brukte til rekognosering. Bruken av helikopter og anna motorisert har utarta seg på Hardangervidda. Dette har gått for langt.

Mange er bekymra for at bestanden av villrein på Hardangervidda no er så liten. Eg meinar dette er feil fokus. Det bekymringsfulle er kondisjonen og helsa til dyra og kvifor dette har gått så langt. Det er dette forvaltninga no framover bør jobba for å vesentlig forbetra. Akkurat no er dette viktigare enn bestandsstørrelse og samansetning. Eg meinar forvaltninga bør utnytta at bestanden no er såpass liten. Jo færre dyr, jo lettare er det å få dei til å ta i bruk nye områder. Fyrst når kondisjonen og helsa til dyra er vesentlig forbetra (og når me forhåpentligvis har meir kunnskap om skrantesjuka), er det forsvarlig å sakte auka bestanden igjen. Å auka bestanden igjen før den tid vil etter mitt syn vera uansvarlig og meiningslaust.

Om me skal ta vare på villreinen på Hardangervidda i framtida vil det bli avgjerande at dei som jobbar i den lokale forvaltninga forstår kor skye desse dyra er i forhold til oss menneske, og at dei er villige til å ta meir hensyn til det, enn våre eigne sekundære behov.

Tommy Sandal

Svalbard 12.mai 2023